

Nils Georg Brekke, Bergen Arkitekthøgskole


FAGRE STRYN.

TUNET OG TETTSTADEN SOM KOLLEKTIVE UTTRYKK.

STRUKTUR OG FUNKSJON. DEN SOSIALE MØTESTADEN.

Biletliste

Framsyning på Stryn Symposium 27. April 2016



”Er Sogn og Fjordane fylket med den vakraste naturen og det dårligaste bygningsmiljøet? ”

(Svein Lundevall, fylkesrådmann)

Bilete 1

Oh Westland, Westland

Oh
Westland,
Westland
faksimile BT
1988

Jet Zet
—BEST OF CHOICE

Klubben Diskotek i Førde har fått nytt namn og er blitt eit av Norges flottaste diskotek, melder lokalavisa Firda. Det nye namnet er «Cherie - for you and me».

I Fjøregata i Sogndal har Olsenbui, som reklamerer med ekte geitost frå Undredal fått ny nabo; namnet er «Bed & Breakfast - girls clothing pub». Skal du kjøpe deg nye sko i Stryn, kan du ta deg ein tur på «Zik Zak».

På Nordfjordeid kan det same ordnast på «Sko-fashion». Leitar du etter brettseigar-utstyr, er rette staden «Surf & Fun».

I Måløy kan du kle deg opp på «Jet Zet - best of choice», eller på «Zjokk». Skal du ta deg ein kveld på byen, er «Dining and dancing»-staden.

Dei tradisjonsrike bygdene i Sogn og Fjordane er i ferd med å bli identitetslause forstadskopiar av Las Vegas. Ikkje berre namna, men også heile bygningsmiljøet har vore gjennom ei «fornying» siste åra, ei fornying som har fått bygningane til å framstå som masseproduserte godlikjøpsmonument over den amerikanske draumen - made in Norway.

BT har besøkt fem bygdebyar i Sogn og Fjordane, og kan i ein personleg rapport fortelje om eit fylke som har sett sjela si for prangande bankbygningar, preglause samyrkjelag, glorete mote-kjeder og eksplasiv kremmarkultur. Langt på veg er bygdebyane i ferd med å bli levande minneparkar over den kultursuelle tradisjonane i landet.

Bilete 2

Oh
Westland,
Westland
faksimile BT
1988



Alf Solheim er fiskar frå Vågsvåg. Slik ønskjer forretningsstanden han velkomen til ein handel i Måløy.

eineståande for dette fylket sidan hundreårsskiftet, og har lokka turistar hit i hopetal, rotnar ned på rot. Game ørverdige trehus blir fiksa opp med trendy motefargar i rosa og pastell, og glir like lett inn i det gamle miljøet som ein fisk i Sahara - eller for å vere meir presis - som Domus-komplekset i Sogndalsfjøra.

The signature of Jan Nyberg, which appears to be "Jan Nyberg".

JAN NYBERG

The signature of Oddleiv Apneseth, which appears to be "Oddleiv Apneseth".

ODDLEIV APNESETH


Fortsetter side 38 og 39



Anna Øye Nordang frå Sunnmøre er på besøk i Stryn, og kan nyte synet av denne bygningen, som ikkje er ein islamisk moské, men det gamle rådhuset i bygda.



Rolf Inge Endestad er ein av dei mange ungdomane i Sogndal som samlast på Domus-plassen om kveldane. Her framfor den avsindige kitch-inngangen i det som må vere eit av Nord-Europas styggaste bygg.



”Kjøpmennene bygde firkantet, uten sans for tradisjoner, dumt, pralende og trangsynt, og tok stumt farvel med alle dydene i dette landet. ”

(Hans Magnus Entzensberger, sosiolog)

Bilete 3

Smakløysa
sett i
system
faksimile
BT 1988

TEKST: JAN NYBERG
FOTO: ODDLEIV APNESETH

Mange bygdebyar i Sogn og Fjordane er så smaklause at du kan lure på om det ein stad finst eit kontor innerst i ein lang, dunkel korridor, bak grå, massive murveggar, der dei arbeider dag og natt for å setje smakløysa i system. Det verste er ikkje at enkeltbygningar er så stygge kvar for seg - sjølv om dei er det også; det verste er at ein kvar tanke om heilskapleg bygningsmiljø synest å vere avgått ved den definitive død.

Å snakke om sjel eller identitet i desse bygdene i 1988, er knapt nok ein dårleg spør. Reguleringar er noko som høyrer dei kvadratiske byggefelta til. Sentra i desse bygdebyane har utvikla seg til postmoderne mareritt, der funksjonalistisk forretningsarkitektur ikkje nektar seg noko, i overen etter å fallby sine varer for bygdefolk og tilreisande.

Kjede-kultur

På denne reportasjereisa besøkte vi Sogndal, Førde, Stryn, Nordfjordeid og Måløy. Vi såg det same overalt: Raseringa av kulturhistoriske verdiar som på mange måtar har vore eineståande for desse bygdene, er no komne så langt at berre dei største optimistane kan tru at bygdene kan finne tilbake til sin opphavlege identitet. Det som er komme i staden, er smaklause moteprodukt og standardisert kjede-kultur, utan den minste tilknytnad verken til bygdene eller bygningsmiljøet.

Like ille er det å sjå kor dårleg utbyggjarane har gjort seg nytte av både eksisterande bygningsmiljø, og utfordringane som ligg i naturen; så som grøntareal, strandlinjer og elvbreiddar. Du skal ha gode øye, og ditto evne til oversyn, om du maktar å aне konturane av ein overordna reguleringssplan i desse bygdene.

Verst av alle er kansje Førde. Meir enn ei bygd, er Førde i dag ein sosialdemokratisk fiksjon, skapt over tanken om at tinga er alle menneskes mål, meir enn at alle tinga mål er mennesket. Hvis du pengar, skal du ikkje mangle

Smakløysa sett i system



Riverside restaurant? Eit gigantisk varehus i rosa, gull og messing? Ei naust-liknande bankbygning hundremetervis frå nærmaste vannkant? Trendy Frisør? Christel motebutikk? ABA's INN? Fun Pub? Eller det mursteinsgrå Domus-bygget som Ullersmo landstingsel vil fortone seg som eit slott i samanlikning med? Rett skal vere rett: Førde har ein og annan grøn flekk, midt mellom betong og alle farga glassruter. På ei halvøy ved elveutløpet, har ei vennleg sjel - eller kanskje ein melankolsk etat, sett opp eit par benkar, som slike kroppar kan kvile seg på. Men det er også det einaste som er gjort for å utnytte dei mange potensiala, som ligg i ei vakker elv som slynger seg sakte og verdig gjennom bygda. Kva kunne ikkje vere gjort for å skape trivsel, ved å utnytte desse lange elvebreiddane?

Bygde-kitch

Det same kan seiast om elva i Sogndal. Her er det det gilde Sogn Slakteri som tronar ved utløpet, og skaper eit effektivt stengsel mot det som kunne blitt ein av dei vakraste inngangsportane til noko bygd i landet. På strandlinja mellom slakteriet og Hofslund hotell, står dei gamle sjøbuene og rotnar ned på rot, og minner alle sjøfarande om at her er det best å reise forbi.

I sentrum har såvel forretningsfolk som private, oppdagat at rosa er mofargen i år - eller var det i forjor? Tradisjonsrike gamle trehus, har blitt pynta opp med rosa listverk, og til og med mursteinane i enkelte bygningar har fått rosa glasur. Eit særmerkt, toarks, salrygga kvitt trehus



Det er lenge sidan Per Bolstad skreiv slåtten «Fagre Stryn». Han hadde neppe gjort det i dag.

i Fossetunet, kjempar hardnakka mot utviklinga, representert ved Sogn og Fjordane DHs bygg på andre sida av tunet, eit bygg like fantasi fullt og avskrekkeende som murklossen Lægreid Hotell, med sine gapande vindauge.

I Fjøregata, midt mellom sympatiske trehus ligg Verthuset Fjøra, med sine påklistra bindingsverk og falske vindaugaussprosser. Den usmaklege, juksete kitchen lever i beste velgåande, også i norske bygder. På Domus-plassen, som er samlingsstaden for ungdommen i Sogndal kveldstid, har lensmannen innført 5000 kroner i bot for dei som ruser bilana for sterkt. Arkitektane bak det avsindige, tredelte Domus-komplekset, som ser ut til å vere teikna med bind for auga, har neppe fått noko bot. Det betyr ikkje at miljøforeningsna er mindre av den grunn.

Prærie-landsby

Og kva kan vi seie om sentrum i Stryn? Fagert er det i alle fall ikkje lengre. Det som etter seiande skal vere den største turistkommunen på Vestlandet, har fått eit sentrum som kan

skräme vatnet av sjølv den mest vennlegsinna Norges-eiskar. Hovudgata er som i ein moderne prærielandby, oppført for å vere kulissar for ein western-film i «bad taste»-genren. Det som er att av gammalt bygningsmiljø i sentrum, pus tar tungt og besværlig mellom preglause betongkonstruksjonar og firkanta sjarmløysje.

Berre i Brugrenda, er det gjort eit kraftakt for å halde ved like eit genuin bygningsmiljø. Her har ein utnyttat godt potensiala som Stryneelva gir, og restaurert ei rekke gamle hus og sjøboder langs elvebreidden, slik at det både er funksjonelt og estetisk. Også den hundre år gamle trebraua over elva, er restaurert, og på mange måtar er dette eit område som kan vere eit godt eksempel på korleis eldre bygningsmiljø kan halda st i hevd.

Også på Nordfjordeid finst det lyspunkt. Etter at forretningsstanden i eit par tiår gjorde sitt ytterste for å rasere ei av dei mest verneverdige bygdegateene i landet, har enkelte av kjøpmennene siste åra fått augene opp for verdiane i denne særmerkte bygningskulturen. Den nye Moengården har greidd det som berre dei før-

raste prøver på bygdene i dag, nemleg å ta om-syn til det allereie eksisterande bygningsmiljøet, samtidig som bygninga stettar kravet til funksjonell og moderne forretningsdrift. Den positive smitteeffekten dette kan ha i eit lite bygdemiljø, skal ikkje undervurderast, og det er tydeleg at fleire av forretningsstandene no er komne på betre tankar.

Skjorareir

Men medaljen har også ei baksida, og den baksida er Sjøgata, som er Nordfjordeids andlet mot vest. Knapt noko bygd kunne fått eit betre utgangspunkt for å skape et utstillingsvindauge, der både trivsel og funksjonalisme til gleda både for fastbuande og forretningsliv, lett kunne kombinerast. 20 år etter at Sjøgata kom, er området enno ein oppheldunge og eit arkitektonisk skjorareir, som i alle fall ikkje innbyr til ein stogg på staden.

Sildolje i pastell


Kulturnivået i fiskeri- og kremmarbygda Måløy, lar seg best karakterisere ved gatenamna. Her

heiter det Gate 1, Gate 2, Gate 3. På Hurtigrutekaia ønsker bygda dei sjøfarande velkomne til eit venterom, som mest av alt minner om eit skrekke-kabinett. Litt lenger opp frå kaia, har ein eller annan luring som enten har vore fargeblind, eller har hatt usedvanleg god sans for bizarre humor, målt tre sildoljetankar i trendy, blå-grøn pastell. Det minst verdiladada som kan seiast om den slag, må vere at lysingen er noko utradisjonell i eit maritimt kystmiljø. I gatene gløser dei firkanta murklossane mot deg gjennom sine like firkanta husmørvindauge. Eit og anna tradisjonsrikt trehus syns sin siste sjømannsval mellom butikkane som heiter Bed & Breakfast, Zjokk, Jet Zet eller Kirstis Hårdesign. Café med c har bygd også fått, i eit driv-husliknande glas-tilbygg til Kaptein Linge Hotell.


Turistas som stoppar i Måløy, må ha kome for seit til siste båt- eller bussavgang. Det var vel neppe tilfeldig at den einaste utenlandske turisten vi møtte, spurdé etter nærmaste apotek.

Bilete 4


Smakløysa
sett i
system
faksimile
BT 1988



Hundeliv i
Førde sentrum.



Sko- og klesbutikken
«Zik Zak» i Stryn er så smaklaus at
han burde blitt premiert.



”Alle mennesker har trang til ekthet og behov for en norm for dette. Veien til en slik norm forutsetter en naturlig prosess gjennom tidene. Tradisjon tar vare på denne prosessen. Derfor må planleggere være spesielt forsiktlige med å gripe inn i slike miljøer som har vokst seg til gjennom generasjoner. ”

(Bjørn Killingmo, psykolog)

Livet på prærien

Bilete 5

Livet på
prærien
faksimile
BT 1988





Fredagskveld på «Ungkarsplassen» i Førde. Trygve Holme og Trine Falkenstein er av dei få som har tatt seg utandørs i sentrum.

Bilete 6

Livet på prærien faksimile

BT 1988

Klokka 15.30 raslar forretningsstanden i bygdebyane med nøkkelenknippa. Dørene blir stengde og sentrum tømt for folk. Tilbake ligg folketomme gater, og aude parkeringsplassar.

Hadu lyst å gå ut og slå av ein prat med ein sambygding eller ein tilreisande turist, er ofte det lokale turisthotelleit einaste alternativet. Men då må du også ta med deg tonane frå eit fugledans-spelande jugoslavisk orkester, eller like deg gjennom repertoaret til den heitaste plate-prataren nord for Myrdalen - spesial-importert direkte frå Brooklyn, eller Berum.

Livsfornektinga

Kanskje er det den lutheranske livsfornektinga som enno sit att i fjordane. Er det ikkje ein god grunn for å samle seg - som for eksempel eit gudsord og ein sur kopp kaffi og ein inntrika lefsemole, eller eit styremøte i Bondelaget, blir alle folkesamlingar sett på med djup skepsis og forakt. Dette er å kaste bort tid. Då

er det betre å sitje heime i husbankstova i byggjefeltet og ete pizza og sjå på Dynastiet. Desentraliserings-romantikken som raste over landet i 60- og 70-åra hadde mange gode sider. Ein av kongstankane var at folk skulle få bu der dei sjølv kjende seg heime, og ikkje vingast inn til upersonlege senter der dei verken høyrde til, eller hadde annen naturleg tilknyting enn arbeidet. Mange av dei som trass i den massive propagandaen om byanes framandringa likevel flytta, oppdaga ofte fort at skrekki-visionane kanskje var noko overdrivne, og at idyllen i bygde-Norge ikkje var så overvete som dei var opplært til å tro. Det er langt mellom prate-benkane i bygdebyane.

Spøkelses-bygder

Når ordforarar og tiltakssjefar i norske kommunar står fram i lokalavisene og lover sjøllete glansbilde og glasperljer til dei som formeirar seg mest og lover å leve i bygdene til sin døyd-dag, er det meir til å gråte enn le av. I staten burde dei styrande vere meir oppkjempe av å skape eit miljø som bygdefolk kan trivast i. Eitt tiltak kunne vere å legge tilhøva til rettes

for at folk både kan bu og møtast i dei gamle sentra. Slik er det knapt i dag. Nok ein gong har Førde vist veg - i feil retning. Førde ein vanleg ettermiddag og kveld, er ei spøkelsesbygd bade i forretningastandens glørete neon-lys. Menneska er borte, og berre ein og annan ungdomsbil rasar opp mellom mammons mange tanketomme tempel på veg mot ei eller anna junk-food-sjappe.

Sogndal er heller ikkje stort betre. På Domus-plassen står motorsyklane og dei nypolerde bilane opplina, mens lensmannen sveipar innom ein gong eller to, for å gjere klart at kjekkaseri vil vi ikkje vite av. Og kjekkaseri kan det lett bli når meir enn to samlast på ein gong. Det veit alle godt samfunnsstøtter.

Utilnærmeleg arkitektur

Problemet - om vi skal gå så langt, er i mange tilfelle at det som er parkeringsplassar om dagen, er einaste friareal folk har å møtast på om ettermiddagen og kvelden.

Psykologar kan sikkert seie mykje om kva ein stor asfaltart plass, omgitt av utilnærmelege betongklossar skaper av trivsel. Det det er snakk

om, er å ha noko å identifisere seg med. Ein psykolog som har vore mykje opptatt av forholdet mellom arkitektur og trivsel er Bjørn Killingmo. Eitt av poengna hans, er at skal noko bli av betydning for oss reint kjenslemissig, om det så er menneske eller ting, må vi kunne identifisere oss med det. Vi må kunne gjøre det til ein del av os sjølv. Skal ein kunne identifisere seg med eit miljø, må det ha visse kvalitetar eller kjenneteikn for at denne identifiseringprosessen skal kome i gang. Føresetnaden for ein slik prosess, er at miljøet har det han kallar ein menneskeleg dimensjon. Det kan vere vanskeleg å få auge på den menneskelege dimensjonen i bankbygninga, Samyrkjelag og Domus-slott i Sogn og Fjordane.


Treffpunkt

Kvífor er det for eksempel umulig i bygdebyane i dag å avsetje ein liten open plass mellom butikkar og bustadhus til ein trodig torghandel om dagen, og kanskje nokre kafébord om kvelden. Det er ikkje sikkert det er nødvendig å servere cappuccino og Chateauneuf du Pape for at folk skal kunne møtast og trivast. Det er heller

ingen som har bestemt at parkar nødvendigvis er noko som berre byane har eincerten til. På Nordfjordeid, for eksempel, er Maurstad-parken - som er litt større enn eit middels frimerke, etterkvar blitt eit sommarleg treffpunkt for ungdom. Men kunne han ikkje også blitt ein like bra møtested for pengjonistar eller turistar om dagen, om ein eller annan idéskapar hadde utnyttat potensialet som ligg der heilt framme i dagen?

Liv og atmosfære


Vi treng ikkje gå til pittoreske middelhavs-byar for å finne eksempel på at det nettopp er dei små treffpunktene i eit miljø som avgjør om eit samfunn har såkalla atmosfære eller ikkje. Vi torer påståt at ein av hovudgrunnane til at sørlandsbyane har så stor appell både til turistar og fastbuande, nettopp er at dei har tatt vare på gammalt bu- og bygningsmiljø i sentra, og at livet lever også etter at forretningane har skalka dørene. Skal bygdebyane i Sogn og Fjordane også for framtida vere attraktive turistmål, må dei ha eit liv og ein atmosfære å tilby. Det er det ikkje for mykje av i dag.



Arkitekten som har teikna Samyrkjelaget på Nordfjordeid har ikkje tenkt mykje på den eksisterande bygningskulturen i Eidsgata. Syklisten Håvard Nord var ein av dei einsame ryttarane vi møtte denne kvelden.



Eitt og eit halvt år gamle Marte i Stryn, blir lita mot Samyrkjelagets utilnærmelege baksida.



Anders Hjengesand og Hermund Fardal på kveldstur i Fossetunet i Sogndal. Om dagen er funet parkeringsplass.

PER JAHN LAVIK

BERGEN – BYSAMFUNNET

Bergen – vår første kongelige residensby – har gjennom århundrer vært Norges største og i lange perioder Nordens største by. De historiske minnesmerkene rundt Vågen forteller at byen har hatt rikshistorisk betydning. På Hieronimus Scholeus' velkjente Bergensprospekt fra 1580-årene gjenkjenner vi Håkonshallens karakteristiske trappgavler og lensherren Erik Rosenkrantz' stolte byggverk fra 1560-årene; det vi i dag kaller Rosenkrantz'tårnet. Det er ikke så merkelig, fordi begge anleggene er restaurerte med dette stikket som forbilde. Erik Rosenkrantz bygget sammen Magnus Lagabøtes portkastell fra 1200-drene og hovedsmannen Jørgen Haussøns forwerk til et mektig forsvarstårn – en «donjon» – og utsyrte det med en renessansefasade mot byen. Bak dagens anlegg på Bergenhus aner vi konturene av middelalderens kongsgård på Holmen, som på denne tiden var forbundet med fastlandet ved et lavt, myrlendt eid.

Bilete 7

Bergen – bysamfunnet på 1500-talet



Hieronimus Scholeus' bergensprospekt ble tegnet omkring 1580, og utgitt i Köln i 1588 i et stort atlas med bilder av «all verdens byer» (*Civitates orbis terrarum*). Ugaven som her er gjengitt, ble publisert i Amsterdam i 1657. Selv om bybildet er det samme som på originalen, er f.eks. de opprinnelige hansakoggene på Vågen byttet ut med de mer tidmessige nederlandske floytskip. De lave husene som her er gjengitt med røde tak, har nok for det meste hatt torvtak.

EUROPEAN HERITAGE ASSOCIATION



The BEST in
HERITAGE

INTERACTIVE Edition

The world's only survey of the best museum, heritage and conservation projects



**CLUB OF
EXCELLENCE**

DUBROVNIK, CROATIA
dedicated to the memory of Kenneth Hudson, OBE



Culture Programme



IUCN
The World Conservation Union



COUNCIL
OF EUROPE CONSEIL
DE L'EUROPE



ICCROM



NATIONAL PARKS

Bilete 9


Koparvik,
gjestgjevarstad
og
handelsstad
1800-talet



Kopparviken paa Tjörnö. Egnad av C. H. Skölle.

Bilete 10

Krosshamn, Austevoll -
gjestgjevarstaden



Bilete 11

Krosshamn,
Austevoll -
gjestgjevarstaden



Bilete 12

Lærdal, Sogn -
marknadspllassen



Bilete 13

Rugsund,
Bremanger -
handelsstaden




Bilete 14

Selje -
naustalmenningen




Bilete 15

Fiskevær,
Finnmark




Bilete 16

Godøytunet,
Godøya ved
Ålesund




Bilete 17

Godøytunet kring 1900



Bilete 18

Godøy tunet, situasjonsplan 1864



VESTLANDETS HISTORIE

Samfunn



Bilete 19

Havråtunet, Osterøy

Bilete 20

Havråtunet, Osterøy





Fig. 115. Havråtunet på Osterøy i Hordaland er blitt verna i andre halvdel av 1900-talet.


Bilete 21

Viketunet,
Strandvik,
Fusa




Bilete 22

Bø, Dyrvedalen



Bilete 24

Stryn



Bilete 25

